

# Innhold

Radøy kommune	2
Organisering/Ansvar	3
Politisk organisering	4
Administrativ organisering	5
Arkivorganisering	6
Ansvar og fullmakter	7
Oppgåvefordeling mellom arkiv, saksbehandlar og leiar	9
Bruk og oppdatering av arkivplan	10
Historisk	11
Arkivorganisering - utgått 03.02.2014	12
Reglement	13
Lokalt regelverk	14
Bevaring- og kassasjonsplan	15
Bevarings- og kassasjonsplan for Radøy kommune	16
Lover og føreskrift	17
Arbeidsmiljølova	18
Bokføringslova	19
Datatilsynet	20
eSignaturlova	21
Forvaltningslova	22
Kommunelova	23
Lov om arkiv	24
Lov om helsepersonell og Pasientjournalforskrifta	25
Lov om pasient- og brukarrettar	26
Matrikkellova	27
Offentleglova	28
Opplæringslova	29
Personopplysningslova og Personopplysningsforskrifta	30
Pliktavleveringslova	31
Rekneskapslova	32
Sikkerheitslova med forskrifter	33
Straffelova	34
Sentralt regelverk	35
Krav og standarder	36
Arkivlokale	37
Krav til kontorinnbindingssystem	39
Krav til lim og klister til etikettar	41
Pennar	42
Riksarkivaren - Arkivfagleg stoff, lovverk og rettleiingar - Offentleg forvaltning	43
Riksarkivaren - Arkivfagleg stoff, lovverk og rettleiingar - Privat arkiv	44
Yrkesetiske retningsliner for arkivarar	45

Historisk	46
Godkjent papir/Krav til papir	47
Krav og standardar	49
Kulepennar	50
Papir	51
Lim	52
Arkivlokale	53
Rutinar	54
Daglege rutinar	55
Arkivrutiner	56
Fullelektronisk sakshandsaming og arkiv - ansvar og rutinar	57
Rutine for posthandsaming, journalføring og skanning - Felles postmottak	58
Kvalitetsikring av journalen	59
Registrerings,- og skrivereglar - WebSak	60
Offentleg postjournal - postlister	61
Acos - Websak Fokus - dokumentasjon arkivrutinar	62
Acos - Websak Fokus - dokumentasjon saksbehandlingsrutinar	63
Internt utlån av arkivsaker	64
Arkivrutiner for felles barnevern for Lindås, Meland og Radøy	65
Organisasjonskart	66
Ansvar og rutiner	67
Internkontroll	68
Internkontroll Lindås, Meland og Radøy barnevernteneste	69
Arkivsystem	70
Elektronisk arkivering	71
Retningsliner for elektronisk behandling av arkivdokument	72
Drift og forvaltning	73
Retningsliner for elektronisk behandling av arkivdokument - Sak-/arkivsystem - Acos Websak	74
Fullelektronisk sakshandsaming og arkiv - ansvar og rutinar	75
Helse og omsorg	76
Retningsliner for elektronisk behandling av arkivdokument - Heimetenesta	77
Retningsliner for elektronisk behandling av arkivdokument - NAV	78
Retningsliner for elektronisk behandling av arkivdokument - Omsut	79
Retningsliner for elektronisk behandling av arkivdokument - Psykisk helse	80
Retningsliner for elektronisk behandling av arkivdokument - Radøy interkommunale busenter	81
Retningsliner for elektronisk behandling av arkivdokument - Velferdssenteret	82
Retningsliner for elektronisk behandling av arkivdokument - Systemansvar - rolle og rutine (Acos CosDoc)	83
Ansvar og rutiner - Barneverntenesta	84
Oppvekst	85
Retningsliner for elektronisk behandling av arkivdokument - PPT	86
Interkommunale samarbeid	87
Fullelektronisk arkiv - oppbygging og bruk av det elektroniske arkivet	88
Skjema for mellombels journalføring	89

Nødprosedyre ved utilgjengeleg system	90
Ansvar for tildeling og ajourhald av brukarrettar i websak	91
Rutine for kassasjon av papirdokument	92
Elektroniske system - oversikt	93
Periodiske rutinar	94
Periodisk kvalitetskontroll	95
Kassasjonshandsaming	96
Bevarings- og kassasjonsplan for Radøy kommune	97
Bevaring og kassasjon hjå kommuner og fylkeskommuner	98
Forskrift om utfyllende tekniske og arkivfaglige bestemmelser om behandling av offentlige arkiver (riksarkivarens forskrift)	99
Backuprutine - Iktnh	100
Rutinar for eksterne konsulentar	101
Spesialrutinar	103
Brann	104
Flaum- og vasskadar	105
Soppskadar	106
Historisk	107
Offentleg journal (postlister) - Utgått 03.02.2014	108
Journalføring av møtebøker	109
Registeringsreglar	110
Tilsetjingssaker	111
Skular	112
Barnehagar	113
Andre saker	114
Elektronisk arkivering	115
Innkomande post - Utgått 03.02.2014	116
Utgåande post - Utgått 03.02.2014	119
Kvalitetssikring av journalen - Utgått 03.02.2014	121
Saksavslutning - Utgått 03.02.2014	122
Periodedeling og bortsetting	123
Skattedokumentasjon - kassasjonsrutiner	125
Rutinar for sakshandsamarar	128
Arkivoversyn	130
Arkivseriar	131
Arkivseriar - fullelektronisk arkiv	132
Sentralarkiv	133
Felles saksarkiv - arkivdel SAK	134
Barnehagemapper - arkivdel BARN	135
Elevmapper - arkivdel ELEV	136
Personalmapper - arkivdel PERS	137
Bygge-, dele- og oppmålingsaker - arkivdel GBNR	138
Landbruksaker - Arkivdel LAND	139
Plansaker - arkivdel PLAN	140

Skattesaker - arkivdel SKAT	141
Startlån - arkivdel START	142
Avtalearkiv - arkivdel AVTALE	143
Møtebøker - arkivdel MØTE	144
Biblioteket	145
Frivilligsentralen	146
Arkivseriar - papir	147
Oppvekst	148
PPT	149
Helse og omsorg	150
Velferdsenteret	151
Heimetenesta	152
Radøy interkommunale busenter	153
BF-tenesta	154
PPT	155
Sosialkontoret	156
Barne- og familietenesta	157
Radøy legesenter	158
Fysioterapitenesta	159
Radøy arbeidssenter	160
Radøy matsørvis	161
Møtebok for inntaksnemnda	162
Radøyhallen	163
Bortsettjingsarkiv	164
Sentralarkivet	165
FFA (Felles saksarkiv 2008-2011)	166
FA (Felles saksarkiv 2002-2007)	167
Arkivlokalar og oppbevaring av arkiv	168
Skatteoppkrevjarkontoret - avslutta pr. 1. januar 2010	171
Arbeidsgjevararkiv	172
Kontoutdrag bank	173
Avrekningslister m.v.	174
Skattytar arkiv	175
Månedsoppgjjer	176
Årsrekneskap skatt	177
Bilag til skatterekneskap	178
Elektronisk system	179
Aktive system	180
Felles	181
Plan, næring og teknisk	186
Avslutta system	202
Acos barnevern ver 6.7.5880	206
Oversikt - Elektroniske system og bevaringsverdige system	207
Elektroniske system - oversikt	208

Historisk	209
Elektronisk deponerte databasar	210
Møtebøker - utgått 04.02.2014	211
Møtebok for administrasjonsutvalet	212
Møtebok for arbeidsmiljøutvalget	213
Møtebok for eldrerådet	214
Møtebok for formannskapet	215
Møtebok for hovudutval for plan, landbruk og teknisk	216
Møtebok for Kommunal byggjenemd - bygg	217
Møtebok for Kommunal byggjenemd for veg og va-anlegg (vatn og avlaup)	218
Møtebok for kommunal klagenemd	219
Møtebok for kommunestyret	220
Møtebok for Kontrollutvalet	221
Møtebok for overtakstnemnda	222
Møtebok for Råd for funksjonshemma	223
Møtebok for Radøy ungdomsråd	224
Møtebok for Skatteutvalet	225
Møtebok for Takstnemda for eigedomsskatt	226
Møtebok for Valstyret	227
Møtebok for Viltnemda	228
Sentralarkiv	229
Kopibøker	230
Kopibøker - ikkje offentlege	231
Kopibøker - offentlege	232
Politisk sekretariat	233
Innkallingar til møte	234
Innkallingar til møte i formannskapet	235
Innkallingar til møte i kommunestyret	236
Innkallingar til møte i hovudutval for plan, landbruk og teknisk	237
Møtebøker	238
Møtebok - Kommunestyret	239
Skular	240
Austebygd skule	241
Hordabø skule	242
Manger skule	243
Sæbø skule	244
Radøy ungdomsskule	245
Løn og personal	246
Personal	247
Personalarkiv	248
Møtebok for attføringsutvalet	249
Løn	250
Bilag gjeldande fast løn	251
Bilag gjeldande variabel løn	252

Fråværslister	253
Refusjonar	254
Pensjonsmeldingar til KLP og SPK	255
AA-register	256
Skattekort	257
Terminoppgjer skatt/avgift - Avstemming og årsavslutning	258
Lokale tingingar	259
Lønnslistar og -slippar	260
Saksarkiv	261
Startlån	262
FA11-15 (Felles saksarkiv)	263
Eigedomar (gards- og bruksnummer)	264
Personalmapper	265
Elevmapper	266
Eigedomsskatt (verk og bruk)	267
Eigedomsskatt	268
Elevmapper for skulane	269
Elevmapper for skulane born f. 2006-	270
Barnemapper for barnehagane	271
Kommunekassen	272
Økonomi og rekneskap	273
Årsrekneskap	274
Årsoppgjer - dokumentasjon av årsrekneskapet	275
Fakturagrunnlag	276
Bilag kommuneregnskap, Budsjettjusteringar	277
Posteringslistar kommuneregnskapet inkl. budsjettjusteringar	278
Budsjett	279
Kontoutdrag bank og post	280
Transaksjonslistar	281
Brukartilgangar, fullmakter etc.	282
David Johnsens fond	283
Bilag	284
Årsrekneskap	285
Hovudrekneskap	286
Diverse sal og utlån	287
Nøklar til rådhuset - oversikt over utleverte og rekvisisjon av nye	288
Utlån av nøklar og rekvisita	289
Diverse sal	290
Plan, næring og teknisk	291
Plan	292
Reguleringsplanar	293
Rullering av kommuneplan	294
Oppmåling	295
Oppmålingsjournal	296

Målebrevsarkiv	297
Elektronisk GAB - register	298
Økonomisk kartverk	299
Digitalt kartverk med eigedomsopplysningar	300
Leidningskart	301
Adresseprosjektet	302
Ledige tomter	303
Landbruk	304
Skogbruk, vilt og miljø	305
Skogavgift	306
Sett vilt rapportar	307
Byggesak	308
Møtebok delegerte byggesaker	309
Godkjende foretak	310
Kopi mellombels bruksløyve og ferdigattestar	311
Serviceavtalar - Minirenseanlegg	312
Prosjektmapper - kommunale bygg	313
SEFRAK -register	314
Internkontroll - byggesak	315
Førespurnader frå Infoland	316
Veg, vatn og avlaup	317
Prosjektmapper	318
Planar	319
Kontraktar	320
Teikningar	321
Innmålte kummer	322
Tilstand for kommunale vegar	323
Brann- og feieteneste	324
Utrykningsrapportar	325
Avtalar	326
Beredskapsplanar	327
Diverse rundskriv	328
ID-kort heimetenesta	329
RadøyNytt	330
Eigenproduserte trykksaker	331
Arkivdepot	332
Arkivoversyn - depot	333
Arkivoversyn - depot	334
Depot - Interkommunalt arkiv i Hordaland	335
Arkivkatalogar - arkiv eldre enn 1964	336
Personregister	337
Eige depot	338
Arkivkatalogar Barnehagar	339
Reglement	340

Avtale og reglement for avlevering til depot	341
Avlevering av papirbasert arkivmateriale	342
Avlevering av elektronisk arkivmateriale	345
Avtale - oppdragsavtale deponering av arkiv 1965-1991/1991-2019	347
Reglement for utlån	348

# Radøy kommune

## Arkivplan for Radøy kommune

Arkivplanen gjev bindande retningsliner for handsaming av all informasjon og dokumentasjon i kommunen. Arkivlova med forskrifter ligg til grunn for retningslinene.

Arkivplanen skal sikre at Radøy kommune ivaretar arkivansvaret sitt etter arkivlovas § 6:

*Offentlege organ pliktar å ha arkiv, og desse skal vere ordna og innretta slik at dokumenta er tryggja som informasjonskjelder for samtid og ettertid.*

## Oppdatering av arkivplanen

I arkivforskrifta §4 står det følgjande: "Alle offentlege organ skal til kvar tid ha ein ajourført arkivplan som viser kva arkivet omfattar og korleis det er organisert. Arkivplanen skal også vise kva slags instruksar, reglar, planar mv. som gjeld for arkivarbeidet." Alle endringar, og nye opplysningar, som vedkjem arkiv i Radøy kommune skal difor snarast leggst inn i denne planen.

## Rådmannen har arkivansvaret

I kommunen er det rådmannen som har arkivansvaret jamfør arkivforskrifta §1: "*Arkivansvaret i offentlege organ*

Offentlege organ etter arkivlova § 2 pliktar å halde arkiv. Arkivet skal vere ordna og innretta slik at dokumenta er sikra som informasjonskjelder for samtid og ettertid. Kvar enkelt kommune og fylkeskommune kan fastsetje kva institusjonar og einingar som skal halde eigne arkiv.

Det overordna ansvaret for arkivarbeidet i eit offentleg organ ligg til den øvste leiinga i organet. I kommunar og fylkeskommunar er arkivansvaret ein del av det ansvaret som er lagt til administrasjonssjefen etter kommunelova § 23 eller kommuneråd og fylkesråd etter kommunelova § 20. Det kommunale og fylkeskommunale arkivansvaret omfattar òg arkiv som er avleverte til arkivdepot."


Radøy kommune 2019

Rådmann



# Organisering/Ansvar

# Politisk organisering



Kommunestyret er kommunen sitt øvste organ med overordna ansvar for heile kommunen si verksemd. Kommunestyret gjer vedtak på kommunen sine vegne så langt ikkje noko anna følgjer av lov eller vedtak om delegering av mynde til formannskap, hovudutval, anna politisk organ eller rådmannen. Kommunestyret vert leia av ordføraren, med varaordføraren som stadfortredar. Kommunestyret i Radøy kommune har 25 representantar.

Sju av representantane i kommunestyret sit i tillegg i formannskapet. Formannskapet fører mellom anna tilsyn med kommuneforvaltninga og førebur saker for kommunestyret. Formannskapet avgjer også ei rekkje saker på eiga hand. I Radøy kommune fungerer formannskapet i tillegg som kulturstyre og valstyre.

Radøy kommune har i tillegg eitt hovudutval for saker relatert til plan, landbruk og teknisk (PLT). Hovudutval for plan, landbruk og teknisk handsama og gjer vedtak eller gi innstilling til kommunestyret i saker som gjeld mellom anna vatn, avløp, renovasjon, byggesaker, landbruk og miljøvern.

Radøy kommune har i tillegg ei rekkje andre råd og utval som gjev råd og fattar vedtak innanfor dei områda dei har fått delegert mynde.

## **Rådgevande organ:**

### **Eldrerådet**

To representantar vert valde frå kommunestyret. I tillegg vert det vald fire alderspensjonistar.

### **Barne- og ungdomsrådet**

Har 13 medlemmer. Det skal vera éin representant frå kvar ungdomsskuleklasse, og fem representantar frå aldersgruppa 16-19 år.

### **Råd for menneske med nedsett funksjonsevne**

Har ni medlemmer: tre frå kommunestyret, tre frå administrasjonen og tre frå dei funksjonshemma sine organisasjonar.

# Administrativ organisering

[Organisasjonsstruktur fra 01.01.14 \(L\)\(198256\).pdf](#) 431,26 kB

# Arkivorganisering

Radøy kommune er eitt organ, jfr. Forskrift om offentlege arkiv § 1.

Radøy kommune har felles sentralt postmottak og administrativt arkiv for rådhuset, musikk- og kulturskulen, Frivilligsentralen, skular og barnehagar. Frå januar 2014 vart felles postmottak og arkiv fullelektronisk for følgjande einingar:

- Rådmannen og hans stab
- Plan, næring og teknisk
- Kultur- og sørvistorget
- Løn og personal
- Økonomikontoret
- Ungdomskoordinatoren
- Felles landbrukskontor for Austrheim, Fedje og Radøy
- Skular
- Barnehagar
- Kultur- og musikkskulen

Følgjande andre fagområde i kommunen har eige postmottak og arkiv:

- Barnevern
- PPT
- NAV
- Helse

Arkivleiar er knytt til Kultur- og sørvistorget, og er overordna andre tilsette i kommunen når det gjeld arkivfaglege spørsmål. Arkivleiar er og ansvarleg for eldre arkiv i Radøy kommune.

Ikah ([Interkommunalt arkiv i Hordaland](#)) er kommunen sitt depot.

# Ansvar og fullmakter

## Overordna arkivansvar

I følgje § 6 i Lov om arkiv (arkivlova), pliktar alle offentlege organ å ha arkiv. Desse skal vera ordna og innretta slik at dokumenta er tryggja som informasjonskjelder for samtid og ettertid.

Administrasjonssjefen (rådmannen) har i følgje kommunelova § 23 og arkivlova ansvaret for kommunen sine arkiv, og for at organiseringa og oppfølginga av arkivarbeidet er i samsvar med lover og forskrifter om offentleg sakshandsaming. Innhaldet i administrasjonen sitt arkivansvar er elles fastsett i Forskrift om offentlege arkiv.

Leiarar for dei administrative einingane i kommunen som fungerer som eigne arkivskaparar, har fått delegert det løpande ansvaret for arkivarbeidet i sine einingar. Dette ansvaret kan delegerast vidare til eigne arkivansvarlege.

## Arkivleiar sine oppgåver

Arkivleiaren er kommunen sin arkivfaglege rådgjevar, og har det overordna ansvaret for drift og vedlikehald av kommunen sine arkiv. Dette gjeld både kommunen sitt elektroniske arkiv og papirarkiv.

I arkivfaglege spørsmål er arkivleiar overordna andre tilsette i kommunen, og har full instruksjonsmynde i høve til arkivrelaterte spørsmål og problemstillingar. Inn under dette kjem mynde til å beordra utarbeiding og oppfølging av arkivrutinar der dette er naudsynt. Arkivleiar kan delegere si mynde heilt eller delvis til andre tilsette ved kultur- og sørvistorget.

Arkivleiar har rett og plikt til:

1. Å rapportera til rådmannen om verksemda til arkivtenesta og leggje fram framlegg om tiltak som skal heve kvaliteten på arkivarbeidet.
2. Å uttala seg om dei arkivmessige konsekvensane av planlagde omorganiseringar i kommunen.
3. Å føre tilsyn med at arkivarbeidet skjer i samsvar med reglane i arkivplanen.
4. Å føra kontroll med at dei aktive arkiva i kommunen er forsvarleg oppbevarte og sikra.
5. Å halda arkivplanen vedlike.
6. Å bli tatt med på råd når kommunen skal velje nye sak-/arkivsystem og fagsystem og ved innkjøp av arkivmateriell, papir og skrivereiskap.
7. Å vera kontaktperson for Interkommunalt arkiv i Hordaland.

Arkivleiar skal elles leggje vekt på desse oppgåvene:

1. Å halde seg oppdatert om den faglege og teknologiske utviklinga på arkivsektoren, og om endringar i lov og regelverk for offentlege arkiv.
2. Å gi fagleg rettleiing til arkivpersonalet og sørge for at arkivmedarbeidarane får tilbod om å utvikle sin faglege kompetanse.
3. Å gi nyttilsette nødvendig opplæring.

## Arkivtenesta sine oppgåver

Arkivtenesta i Radøy kommune er delvis sentralisert, på den måten at einingane på Rådhuset har felles arkivteneste. Personale som arbeider med postregistrering og andre arkivoppgåver er knytt til arkivtenesta. Arkivleiar er fagleg leiar for arkivtenesta, og er i tillegg fagleg overordna for arkivpersonalet i andre kommunale einingar.

Arkivtenesta si hovudoppgåve er å kvalitetssikra dokumentasjonen av verksemda i kommunen. Arkivtenesta skal arbeida etter denne målsetjinga:

1. Arkivtenesta registrerer inngåande brev og andre førespurnadar utanfrå og kontrollerer at det blir svart på dei (journalføring og restansekontroll).
2. Arkivtenesta sikrar at arkivet dokumenterer opphavet til ei sak (inngåande skriv), saksbehandlingsprosessen (interne dokument, kommentarar, utgreiingar, osb) og resultatet av behandlinga (vedtak, avtalar, kopi av utgåande skriv, oppfølging).
3. Arkivtenesta sørgjer for systematikk og samanheng i arkiva, slik at dei kan fungere som informasjonsskjelde og informasjonssystem for administrasjonen, rettsleg og forvaltningsmessig dokumentasjon og som arkivkjelder for ettertida.
4. Arkivtenesta tar vare på dokumentasjon av elektroniske arkivsystem.

## [IKTNH](#)

- [Felles IKT Strategi 2015-2018.pdf](#) 957,58 kB

## IKA Hordaland sine oppgåver

Kommunen er tilslutta Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS og har delegert følgjande oppgåver til institusjonen:

1. Ordning og katalogisering av kommunen sine eldre arkiv fram til kommunesamanslåingane i 1963-65
2. Hjelp til utarbeiding og revisjon av arkivplan
3. Arkivfagleg opplæring av tilsette i kommunen
4. Gje rettleiing i arkivarbeid og arkivbevaring i kommunen etter gjeldande regelverk
5. Utvikling av rutinar for å bevare elektroniske arkiv som autentisk dokumentasjon
6. Mottak av eldre og avslutta papirbasert arkiv i samsvar med særskild avtale
7. Mottak av avslutta elektroniske arkiv i samsvar med særskilt avtale
8. Mottak av personregister som har gått ut av aktiv bruk
9. Gjere arkiva tilgjengeleg for bruk og gje informasjon og rettleiing til publikum
10. Gjere arkivkatalogar tilgjengeleg på internett

# Oppgåvefordeling mellom arkiv, saksbehandlar og leiar

[Oppgåvefordeling mellom arkivpersonale, saksbehandlar og leiar.docx](#) 16,32 kB

# Bruk og oppdatering av arkivplan

Offentlege organ skal til ei kvar tid ha ein ajourført arkivplan som viser kva arkivet omfattar og korleis det er organisert, jfr. Riksarkivarens forskrift § 1-1. Arkivplanen skal også vise kva instruksar, reglar, planar, m.m som gjeld for arkivarbeidet i organet.

Arkivplanen gjev bindande retningsliner for behandling av all informasjon og dokumentasjon i kommunen. Arkivlova med forskrifter ligg til grunn for retningslinene og er ein del av kommunen sitt internkontrollsystem. Jfr. forskrift om offentlege arkiv § 4.

Arkivplanen skal sikre at Radøy kommune ivaretar arkivansvaret i tråd med arkivlova § 6:

*"Offentlege organ pliktar å ha arkiv, og desse skal vera ordna og innretta slik at dokumenta er tryggja som informasjonskjelder for samtid og ettertid."*

Oppdatering av arkivplanen skal skje når:

- eit tenesteområde får oppretta ein ny arkivdel
- det blir teke i bruk ny arkivnøkkel
- eit tenesteområde tar i bruk eit nytt dataverktøy for lagring av informasjon
- tenesteområde blir lagt ned eller oppretta
- det blir oppretta eller lagt ned styre eller utval
- det blir gjort vesentlege endringar i kommunen sitt delegasjonsreglement
- kommunale oppgåver vert overført til verksemder utanfor kommunen

Arkivleiar skal ha melding om alle endringar med følgjer for arkivet i god tid før dei blir sett i verk, og har rett til å uttale seg om dei følgjene endringane kan få for arkivet.

# Historisk

# Arkivorganisering - utgått 03.02.2014

Radøy kommune har felles postmottak for arkiv for Rådhuset, musikk- og kulturskulen, Frivilligsentralen, skular og barnehagar.

Følgjande avdelingar vert då omfatta av sentralarkivet:

- Rådmannen og hans stab
- Plan, næring og teknisk
- Kultur- og sørvistorget
- Løn og personal
- Økonomikontoret
- Ungdomskoordinatoren
- Vassregion Nordhordland
- Felles landbrukskontor for Austrheim, Fedje og Radøy
- Skular
- Barnehagar
- Kultur- og musikkskulen

Dei andre einingane i kommunen har eiga arkivteneste.

Arkivleiar er knytt til Kultur- og sørvistorget, men er i arkivfaglege spørsmål overordna andre tilsette i kommunen. Arkivleiar er ansvarleg for depot av arkiv i Radøy kommune.

# Reglement

# Lokalt regelverk

Politikk:

- [Politisk reglement.pdf](#) 908,66 kB
- [Generell delegering til kommunalsjef.pdf](#) 514,17 kB

# Bevaring- og kassasjonsplan

- Bevaring- og kassasjonsplan

# Bevarings- og kassasjonsplan for Radøy kommune

[Bevarings og kassasjonsplan - Versjon 1.2.docx](#) 3,26 MB

# Lover og føreskrift

Arkivarbeid er regulert av ei rekkje sentrale lover og føreskrift. Her er eit oversyn på dei mest sentrale lover for dokumenthandsaming og arkiv i kommunane. Lovdata held sine dokument oppdatert til ei kvar tid. Det er lagt inn lenkjer frå arkivplanen direkte til den enkelte lov og føreskrift, på [lovdata si heimeside](#).

# Arbeidsmiljølova

[Lov om arbeidsmiljø, arbeidstid og stillingsvern mv.  
\(arbeidsmiljølova\)](#)

# Bokføringslova

Link til lovdata;

[Lov om bokføring](#)

# Datatilsynet

Datatilsynet skal medverke til at den einkilde ikkje vert krenka gjennom bruk av opplysningar som kan knyttast til han eller henne.

Datatilsynet er oppretta for å sjå til at personopplysningslova vert fulgt.

Formålet med lova er å verne den einkilde mot krenking av personvernet gjennom bruk av personopplysningar. Datatilsynet er både tilsyn og ombud og eit uavhengig forvaltningsorgan administrativt underordna Kongen og departementet.

Kongen og departementet kan ikkje instruere eller omstøyte Datatilsynets utøving av myndigheit i enkelttilfelle etter loven.

Datatilsynet skal føre ei offentleg liste over alle behandlingar som er melde eller som har konsesjon.

Vidare skal tilsynet behandle konsesjonar og vurdere å gi pålegg.

Datatilsynet skal informere og gi råd i forhold til personvernet generelt og farar for personvernet spesielt, hjelpe bransjane med å utarbeide eigne normer for åtferd samt gi råd om sikring av personopplysningar.

Meir om [Datatilsynet og dets rolle og oppgaver](#) finner du hjå datatilsynet si nettside.

# eSignaturlova

Link til lovdata;

[Lov om elektronisk signatur](#)

# Forvaltningslova

- [Forvaltningslova](#) omhandlar tilgang til visse typar arkivmateriale gjennom føresegner om teieplikt og partsinnsyn. Lova gjev og retningsliner og krav til sakshandsaminga som får konsekvensar for m.a. rutineoppbygging i kommunen/heradet.
- Forvaltningslova heimlar og [Forskrift om elektronisk kommunikasjon](#) som gjev retningsliner om elektronisk kommunikasjon og sakshandsaming i offentleg forvaltningsorgan
- [Forskrift til forvaltningslova](#).

# Kommunelova

**Kommunelova** har fylgjande føresegner relevant for dokumenthandsaming og arkiv:

- "§ 30. *Møteprinsippet*. Folkevalgte organer treffer sine vedtak i møte.
- Når en sak skal avgjøres av annet organ enn kommunestyret eller fylkestinget, kan lederen for organet beslutte saka tatt opp til behandling ved fjernmøte eller ved skriftlig saksbehandling. Dette kan likevel bare gjøres når det er påkrevd å få avgjort saken før neste møte, og det enten ikke er tid til å kalle sammen til ekstraordinært møte, eller saken ikke er så viktig at dette må anses nødvendig. Departementet kan gi nærmere regler om adgang til å treffe vedtak på grunnlag av fjernmøte eller skriftlig saksbehandling.
- Det skal føres møtebok over forhandlingene i alle folkevalgte organer. Kommunestyret og fylkestinget fastsetter selv nærmere regler om føring av møtebok.
- § 39. *Reglement. Arkiv*. Kommunestyret og fylkestinget fastsetter selv ved reglement nærmere regler for saksbehandlingen i folkevalgte organer.
- Departementet kan gi forskrifter om behandling, bevaring, ordning av og tilsyn med kommunens og fylkeskommunens arkiver."
- Heile lova finn du på [Lovdata.no](http://Lovdata.no)

# Lov om arkiv

- [Lov av 4. desember 1992 nr. 126 om arkiv](#) , (i daglegtale kalla arkivlova), er ei generell lov for offentlege arkiv. Lova har og føresegner om vern av private arkiv. Lova tredde i kraft 1. januar 1999.
- Føremålet til lova er bevaring og tilgjengeleggjering for ettertida.
- Arkivet inneheld rettsleg og forvaltningsmessig dokumentasjon.
- [Forskrift om offentlige arkiver av 11. desember 1998 nr 1193](#) - er gjeven med heimel i arkivlova § 12. Forskrifta er eit omfattande dokument som regulerar de fleste sidene ved arkivfunksjonen i kommunen/heradet.
- [Forskrift om utfyllende tekniske og arkivfaglige bestemmelser om behandling av offentlige arkiver](#)  
Kapittel IX: Elektronisk arkivering av saksdokumenter

# Lov om helsepersonell og Pasientjournalforskrifta

- [Lov om helsepersonell kap 8](#) gjev føresegner om dokumentasjonsplikta når det vert utført helsetenester.
- [Forskrift om pasientjournalar](#) gjev nærmare retningsliner for oppretting, innhald og føring, overføring og oppbevaring av journalar for dei enkelte pasientane.

# Lov om pasient- og brukarrettar

[Kapittel 5 i lov om pasientrettar](#) (Pasientrettigheitslova) gjev føresegner om pasienten sin rett til innsyn i sin eigen pasientjournal.

# Matrikkellova

[Lov om eigedomsregistrering \(Matrikkellova\)](#)

# Offentleglova

- [Lov om rett til innsyn i dokument i offentlig verksemd](#), regulerer ålmenta sin tilgang til saksdokumenta i forvaltninga. Alle saksdokument, slik dei er definert i offentleglova, er arkivmateriale etter arkivlova
- Relevante forskrifter:
  - [Forskrift til offentlighetslova](#)

[Rettleiar til offentleglova](#)

# Opplæringslova

Link til lovdata;

[Lov om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa](#)

# Personopplysningslova og Personopplysningsforskrifta

[Personopplysningslova](#) omhandlar handsaming av personopplysningar og sensitive personopplysningar i offentleg verksemd. Lova set vilkår for handsaming av slike opplysningar. Den gjev rettar m.a. om innsyn og informasjon og den stiller krav til system og rutinar for handsaming av personopplysningar .

Til lova høyrer og [Forskrift til personopplysningslova](#) som særleg omhandlar tryggingstiltak og risikoanalyse ved bruk av elektroniske verktøy for handsaming av sensitive personopplysningar

# Pliktavleveringslova

**Pliktavlevering** er ei plikt til å avlevera allment tilgjengeleg materiale som ein har produsert til institusjonar som [Nasjonalbiblioteket](#). I Norge er det pliktavleveringslova av 9.juni 1989, *lov om avleveringsplikt for allment tilgjengelege dokument* som regulerar dette.

§1: «Føremålet med denne lova er å tryggja avleveringa av dokument med allment tilgjengeleg informasjon til nasjonale samlingar, slik at desse vitnemåla om norsk kultur og samfunnsliv kan verta bevarte og gjorde tilgjengelege som kjeldemateriale for forskning og dokumentasjon.»

Denne lova er nøytral i forhold til format og medium. Det vil seia at lova gjeld ikkje berre for bøker og tidsskrifter, men og for film, lyd, kringkasting, digitale dokument osv.

[Pliktavleveringslova](#)

[Forskrift om avleveringsplikt for allment tilgjengelige dokument](#)

# Rekneskapslova

Link til lovdata: <http://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-56?q=rekneskapslova>

# Sikkerheitslova med forskrifter

- [Lov om førbyggande sikkerhetsteneste](#) gjev føresegner om informasjonstryggleik og tryggleiksklarering for informasjon og dokumentasjon som vedkjem nasjonal tryggleik.
- [Forskrift om tryggleiksadministrasjon](#) gjev m.a. føresegner om risikohandtering av skjermingsverdig informasjon
- [Forskrift om informasjonstryggleik](#) gjev m.a. føresegner om journalføring av tryggleiksgraderte dokument

# Straffelova

## **Straffelova - arkivfaglege viktige heimlar:**

*"§ 120. Har en offentlig Tjenestemand i nogen Tjenesten vedkommende Protokol anført Usandhed eller lagt Skjul paa Sandheden, eller har han ved Udfærdigelsen af Protokoludskrift, Telegram eller Telefonmeddelelse eller ved Stempling, Merkning eller anden tjenstlig Erklæring, der er afgiven for at tjene som Bevis, anført eller bevidnet Usandhed eller lagt Skjul paa Sandheden, straffes han med Tjenestens Tab eller med Fængsel indtil 3 Aar, men indtil 6 Aar, saafremt han har handlet i Hensigt at forskaffe sig eller andre en uberettiget Vinding eller at skade nogen.*

*§ 121. Den som forsettlig eller grovt uaktsomt krenker taushetsplikt som i henhold til lovbestemmelse eller gyldig instruks følger av hans tjeneste eller arbeid for statlig eller kommunalt organ, straffes med bøter eller med fengsel inntil 6 måneder.*

*Begår han taushetsbrudd i den hensikt å tilvende seg eller andre en uberettiget vinning eller utnytter han i slik hensikt på annen måte opplysninger som er belagt med taushetsplikt, kan fengsel inntil 3 år anvendes. Det samme gjelder når det foreligger andre særdeles skjerpene omstendigheter.*

*Denne bestemmelse rammer også taushetsbrudd m.m. etter at vedkommende har avsluttet tjenesten eller arbeidet.*

*Endret ved lover 27 mai 1977 nr. 40, 28 juli 2000 nr. 73.*

*§ 122. En offentlig Tjenestemand, der ulovlig aabner eller tilsteder nogen at aabne et ham i Tjenestens Medfør betroet Brev, straffes med Tjenestens Tab eller med Fængsel indtil 3 Aar, men indtil 6 Aar, saafremt han forøver Forbrydelsen for at forskaffe sig eller andre en uberettiget Vinding.*  
"

Heile lova finn du på [lovdata](#)

# Sentralt regelverk

# Krav og standarder

Arkivskaparen møter ei rekkje føresegner, retningslinjer, krav og standardar som gjeld arkiv. Det blir stilt krav til arkivlokale, kvalitet på papir til premanent bevaring, brukelege kulepennar og rekkefølge på papirarkivseriar.

# Arkivlokale

Alle lokale der det blir oppbevart arkivmateriale i lengre tid, er arkivlokale.

## Kva er eit arkivlokale?

Forskrift om offentlege arkiv § 7 omhandlar krav til arkivlokale og oppbevaring av arkiv, jfr. Arkivforskrifta kapittel 2. [Arkivverket har også utfyllande opplysningar om krav til arkivlokale på sine heimesider.](#)

Eit arkivlokale er staden der arkivmaterialet har fast tilhald. Kontor der dokument blir oppbevarte når dei inngår i saksbehandlinga, er ikkje arkivlokale.

- Aktivt arkiv som er i dagleg bruk, kan oppbevarast i kontorlokale nær arkivtenesta og saksbehandlarar.
- Bortsett arkiv som blir brukt sporadisk, kan oppbevarast i eit lokale lenger unna, men bør vere tilgjengeleg for arkivtenesta på ein enkel måte.
- Fjernarkiv som er svært sjeldan i bruk, kan oppbevarast langt unna, gjerne saman med andre verksemdar eller hjå ein kommersiell aktør.

Arkivforskrifta omtalar to typar arkivlokale, vanlege arkivrom og spesialrom for arkiv.

## Skal bortsett arkiv og fjernarkiv alltid oppbevarast i spesialrom?

Dersom det jamleg og ofte blir brukt arkivsaker i bortsettjingsarkivet, kan materialet oppbevarast i vanlege arkivrom.

Dersom dei bortsette sakene blir brukte vesentleg sjeldnare enn dei aktive sakene, skal dei bortsette sakene oppbevarast i spesialrom.

## Kva er krava til arkivlokale?

I arkivforskrifta er det generelle krav som gjeld alle arkivlokale. For spesialrom for arkiv er krava strengare.

Offentlege arkiv skal oppbevarast slik at dei er sikra som informasjons- og dokumentasjonskjelder både på kort og lang sikt (jf. § 6 i arkivlova). Dette inneber at arkiva må oppbevarast i lokale som er egna for langtidslagring av arkiv.

Først og fremst må arkivmaterialet vernast mot ytre påverknad som kan føre til reduksjon eller tap av informasjon og dermed av verdien som dokumentasjon. Det er derfor viktig å:

- hindre at arkivmateriale blir skadd gjennom ytre påverknad (vasskadar, brann osv.)
- redusere den fysiske aldringa og slitasjen mest mogeleg (klimatiske forhold, fysisk og kjemisk påverknad frå omgivingane, bruksmessige forhold osv.)
- hindre at uvedkomande får tilgjenge til å skade eller fjerne arkivmateriale (skadeverk, ureglementert utlån og bruk, tilgrising og uorden osv.)
- hindre at uvedkomande får innsyn i arkivmateriale som ikkje er offentleg tilgjengeleg

Riksarkivaren har utarbeidd ei rettleiing for offentlege organ om krav til arkivlokale. Utanriksdepartementet har sørgt for engelsk og fransk omsetjing. Temaet er også omtalt i Ivar Fønnes, Arkivhåndboken for offentlig forvaltning, Oslo 2009, kapittel 10.

[Bygningstekniske krav til arkivlokale](#)

[Bygningsfagleg tilstandsrapport](#)

# Krav til kontorinnbindingssystem

[Sjå Arkiverket sine sider om papirarkiv og blanda arkiv m.v.](#)

## Kriterium for godkjenning av kontorinnbindingssystem

Fastsette av Riksarkivaren 10. august 2009.

Det blir vist til forskrift 1. desember 1999 nr. 1566 om utfyllande tekniske og arkivfaglege føresegner om behandling av offentlege arkiv (Forskrift om behandling av offentlege arkiv).

Med heimel i kapittel VII, punkt 3, blir følgjande kriterium lagde til grunn for godkjenning av kontorinnbindingssystem:

- Kontorinnbindingssystem som ein ønskjer å få godkjent, må fysisk framleggjast for utprøving og vurdering. Ulike modellar blir godkjende individuelt.
- Innbindinga skal bestå av eit omslag eller av permar med ein innlagd, eventuelt pålimd, metallkanal. Ved hjelp av ei mekanisk innretning blir kanalen klemt saman om ryggen på arka som skal bindast inn.
- Metallkanalen må vere av rustfritt stål/fjørstål, ev. høglegert stål. Den må ha avrunda kantar så det ikkje oppstår rifter i overtrekksmaterialet.
- Dersom metallkanalen er pålimd, må det nyttast ein type lim som er kjemisk stabil over tid.
- Klemstyrken i maskina må vere stor nok til å kunne sikre at arka ikkje kan dragast ut. Klemstyrken må ikkje vere så stor at papiret blir skadd.
- Permane som blir nytta, må vere av syre- og ligninfri papp.
- Det må leggjast fram datablad på lim, papp og overtrekkspapir.
- Godkjenningar blir gitt for tre år, og det er ansvaret til forhandlaren å sørge for fornya godkjenning. Kan det dokumenterast at produksjon og modell er uendra sidan førre godkjenning, kan godkjenninga fornyast utan ny utprøving og vurdering.

## Retningslinjer for bruk av kontorinnbindingssystem

Fastsette av Riksarkivaren 10. august 2009.

Det blir vist til forskrift 1. desember 1999 nr. 1566 om utfyllande tekniske og arkivfaglege føresegner om behandling av offentlege arkiv (Forskrift om behandling av offentlege arkiv).

Med heimel i kapittel VII, punkt 3, har Riksarkivaren fastsett kriterium for godkjenning av kontorinnbindingssystem. Følgjande utfyllande retningslinjer gjeld for bruk av kontorinnbindingssystem:

Ved innbinding til arkivformål skal det

- brukast stive permar dersom binda skal stillast opp separat. Skal binda oppbevarast i eske, kan det nyttast mjuke permar.
- øvst og nedst i kvar bunke skal det leggjast kvite, uskrivne ark som tilfredsstillar standard ISO 9706.

## **Godkjente innbindingssystem**

Nedanfor følger ei oversikt over dei innbindingssystema som er godkjente etter ovannemnde kriterium. Oversikta er sist oppdatert 5. mai 2011.

- Leitz Impressbind

# Krav til lim og klister til etikettar

[Sjå Arkivverket sine sider om papirarkiv og blanda arkiv m.m.](#)

## 1. Etikettar på arkivesker, kontorinnbindingar og bind utan kulturhistorisk verdi

På esker og bind som ikkje har nokon verdi utover det å verne bokblokka, kan fleire typar limstoff nyttast, for eksempel gummierte, stivelses-, akryl-, cellulose- eller vinylbaserte. Det er viktig at klisteret ikkje avgir skadelege substansar til bokblokka eller sure gassar som påverkar klimaet i magasina.

## 2. Etikettar på protokollar og bøker

På originalbind er det viktig å bruke eit limstoff som er reversibelt (kan fjernast) og ikkje bryt ned objektet. Det finst fleire typar lim på marknaden. Desse kan vere baserte på stivelse, cellulose, akryl eller andre substansar som let seg aktivere med vatn. Det finst også ferdige limetikettar som er akrylbaserte eller gummierte og som blir aktiverte ved lett fukting. Kva for eit limstoff som bør veljast, er avhengig av størrelsen på samlinga, økonomiske rammer og praktisk tilretteleggjing. Det er viktig at alle typar limstoff som blir nytta til etikettering er godkjente med om omsyn til spesifikke standarder og internasjonale retningslinjer.

Riksarkivet si konserveringsgruppe kan kontaktast om spørsmål som gjeld etikettering.

# Pennar

[Sjå Arkivverket sine sider om papirarkiv og blanda arkiv m.m.](#)

## **ALKEJ AB**

Artline Softline 1500, 0,3 mm, svart  
Artline Softline 1500, 0,3 mm, blå  
Artline Softline 1500, 0,3 mm, rød  
Artline Softline 1500, 0,3 mm, grønn

## **Ballograf AB**

Ballograf Original Refill, fine, medium, blå

## **Bic Nordic AB**

Bic Crystal medium, blå  
Bic Clic medium, blå

## **Jaan Ingel AB**

Stainless TC ball INGLI 1,0 mm, blå

## **Noroffice AB**

Neo-Fix rollerball, 0,5 og 0,7 mm, blå

## **Rahmqvist Delectum AB**

New Roller 17721, svart  
New Roller 17771, svart  
New Roller 17723, 0,5 mm, blå  
New Roller 17773, 0,7 mm, blå  
New Roller 17722, 0,5 mm, rød  
New Roller 17772, 0,7 mm, rød

Lista er henta frå Sveriges Provnings- og Forskningsinstituts (SP) liste over sertifiserte produkt. Se <http://www.sp.se/sv/index/services/certprod/certprodprofil/arkiv/skriv/kulp/Sidor/default.aspx> Den er oppdatert pr. februar 2009.

(kopi frå Arkivverket

<http://arkivverket.no/arkivverket/Offentleg-forvalting/Arkivering/Papir-og-blanda-arkiv/Krav/til-pennar>)

# Riksarkivaren - Arkivfagleg stoff, lovverk og rettleiingar - Offentleg forvaltning

Arkivverket forvaltar arkivlova og to tilhøyrande forskrifter. Tilsaman utgjer arkivlova, arkivforskriften og Riksarkivares forskrift kjernen i regelverket som regulerer handteringa av arkiv.

[Arkivverket si nettside er sentral for regelverk, rettleiing, bestemmelser og retningsliner.](#)

# Riksarkivaren - Arkivfagleg stoff, lovverk og rettleiingar - Privat arkiv

Privat arkiv er fellesnemnaren for arkiv skapt i privat sektor. Her inngår arkiv frå bedrifter, organisasjonar, institusjonar og privatpersonar.

<https://www.arkivverket.no/for-arkiveiere/arkiver-fra-privat-sektor>

# Yrkesetiske retningsliner for arkivarar

Den internasjonale arkivorganisasjonen ICA (International Council on Archives) har vedteke [yrkesetiske retningsliner for verdens arkivarar](#). Formålet med regelverket er å gje ei etisk ramme for arkivaryrket.

# Historisk

# Godkjent papir/Krav til papir

Ifølgje arkivforskrifta § 2-12 skal papir som lagringsmedium i offentlege arkiv oppfylle krava i internasjonal standard for permanent papir, ISO 9706.

Arkivverket godkjenner berre to papirtypar; kvitt, "ubestrøke" kontorpapir (80 g/m<sup>2</sup>) og papir til reguleringskart (90 g/m<sup>2</sup>). Førespørslar om å godkjenne andre papirtypar, blir avviste. Søknader om godkjenning skal innehalde dokumentasjon på at papiret oppfyller krava i ISO 9706 (1994) og ha vedlagt prøver på papiret som skal godkjennast. Spesifikasjonane i dokumentasjonen skal gis i samsvar med ISO-standarden. Dokumentasjonen skal vere utført av eit relevant laboratorium, men produsenten sine data blir aksepterte. Dokumentasjonen kan ikkje vere eldre enn tre år.

Godkjenningar blir gitte for tre år om gangen. Eldre godkjenningar utan tidsavgrensing skal også fornyast for periodar på tre år. Kunden har sjølv ansvar for å søkje om fornya godkjenning. Når det blir søkt om fornya godkjenning skal det leggjast fram ny dokumentasjon ettersom produksjonen kan vere endra sidan sist.

Nedanfor følgjer to lister over dei papirkvalitetane som Riksarkivaren har godkjent i samsvar med gjeldande standard. Den første lista gjeld papir til kontorbruk, den andre papir til reguleringskart.

Det er utløpsmånad og -år for godkjenningane. Godkjenningar som har stoppa i 4. kvartal 2012 er førebels ikkje fjerna frå lista. Listene blei sist oppdaterte 8. februar 2013.

## Kontorpapir

Kravet vårt er at papiret oppfyller ISO 9706 og at det er kvitt og "ubestrøke". Berre 80 g/m blir akseptert. Lista er avgrensa til papir for kontorbruk, for skrivarar og kopimaskinar. Vi har ikkje godkjenning for trykkpapir eller omslag, som nokre ganger blir brukt som kopieringspapir og som også kan oppfylle standarden for ISO 9706.

- Cocoon Office 10/2015
- Cocoon Offset 10/2015
- Cocoon Preprint 10/2015
- Copy 80 09/2015
- Data Copy 10/2015
- Diajet EcoColor Matt 3650 01/2014
- Image Business 10/2015
- Image Volume 10/2015
- Maestro Extra (grade 505) 12/2013
- MultuCopy Colour Laser 09/2015
- Nordic office 06/2013
- Pioneer 10/2015
- Pioneer Preprint 10/2015
- Plano Dynamic 09/2015
- Plano Plus 09/2015
- Sky Copy 09/2015
- Sky Laser 09/2015
- Staples Copy 12/2012

- Staples Multiuse 12/2012
- Staples Premium 09/2015
- Superior 09/2015
- Symbiographic 12/2012
- Symbiotext 12/2012
- Symbio Copy 10/2015
- Scandicopy 12/2012
- Team 10/2015
- Truecolor Papier Matt 3330 01/2014
- UPM Office copy/print 01/2016
- Zoom 12/2012
- Zoom Extra 12/2012

### **Papir til reguleringskart**

Kravet vårt er at papiret oppfyller ISO 9706 og at det er kvitt og "ubestrøke". Berre 90 g/m<sup>2</sup> blir akseptert. Lista gjeld papir til blækkskrivarar. Til fargekopiar opp til A3-format kan det også brukast vanleg kontorpapir, sjå liste 1.

- Maestro Extra (grade 505) 12/2013
- STP-90
- Z-Plot 650

(Kopi frå Arkivverket

<http://arkivverket.no/arkivverket/Offentleg-forvalting/Arkivering/Papir-og-blanda-arkiv/Krav/til-papir>)

# Krav og standardar

Riksarkivaren har utarbeidd ei rekkje krav og standardar som gjeld arkiv og arkivarbeid. Dette gjeld mellom anna krav til arkivlokale, innbinding, og kva for kulepennar og papir som oppfyller kvalitetskrava som skal sikre permanent vern.

# Kulepennar

Riksarkivet har ei liste over pennar som er testa og godkjent som arkivbestandige. Dei fleste av desse fins i handel i Norge.

[Til Riksarkivet sine sider.](#)

# Papir

Ifølge Forskrift om offentlege arkiv § 2-12 skal papir som lagringsmedium i offentlege arkiv oppfylle krava i internasjonal standard for permanent papir, ISO 9706. Arkivverket

Riksarkivet har [lister over papir](#) som er godkjent etter denne standarden.

# Lim

I føresegner om avlevering og overføring av ikkje-elektronisk arkivmateriale i statsforvaltninga, fastsatt av Riksarkivaren 1. desember 1999 (forskrift nr. 1566) med hjemmel i forskrift 11. desember 1998 nr 1193 om offentlige arkiv, vert det sagt i pkt. 8.4: "Etikettene skal limes på med lim etter standard godkjent av Riksarkivaren."

Det er ein del praktiske problem med å finna eigna lim til å festa etikettar med. Riksarkivaren har i staden for eigne forskrifter, laga [ei rettleiing](#) til hjelp i det praktiske arbeidet.

# Arkivlokale

Utforminga av arkivlokale vert regulert av § 4 i [Forskrift om offentlege arkiv](#). Det er i tillegg laga [ei rettleiing](#) som kan fungera som hjelpemiddel for dei som vil vita noko om krava til arkivlokale hjå offentlege organ.

# Rutinar

# Daglege rutinar

# Arkivrutiner

# Fullelektronisk sakshandsaming og arkiv - ansvar og rutinar

- [FULLELEKTRONISK SAKSHANDSAMING OG ARKIV - revidert 071118.pdf](#) 347,96 kB

# **Rutine for posthandsaming, journalføring og skanning - Felles postmottak**

# Kvalitetsikring av journalen

- [RUTINE FOR HANDSAMING AV POST - versjon 071118.pdf](#) 352,89 kB

# Registrerings,- og skriverreglar - WebSak

Registreringsreglar/skriverreglar:

- [Registreringsreglar - FLK og arkivet for søknader til Innovasjon Norge.pdf](#) 71,73 kB
- [Registreringsreglar - føring av søknad om endring, permisjon, hospitering.pdf](#) 66,50 kB
- [Registreringsreglar - landbruk - Fokus.pdf](#) 160,10 kB
- [Registreringsreglar - landbruk - saker frå TFO.pdf](#) 71,84 kB
- [Registreringsreglar personal - Fokus.pdf](#) 97,02 kB
- [Registreringsreglar - skule - Fokus.pdf](#) 187,80 kB
- [Skriverreglar byggesak - Fokus.pdf](#) 156,80 kB
- [Skriverreglar delingsak.pdf](#) 131,98 kB
- [Skriverreglar dispensasjonsak - Fokus.pdf](#) 130,78 kB
- [Skriverreglar miljøsak.pdf](#) 138,84 kB
- [Skriverreglar utsleppsak - Fokus.pdf](#) 120,39 kB

# Offentleg postjournal - postlister

- [Postlister på nett.pdf](#) 333,38 kB
- [Rutine for bruk av IP på journalposter.pdf](#) 70,39 kB

# Acos - Websak Fokus - dokumentasjon arkivrutinar

[WebSak\\_Fokus\\_arkivrutiner\\_mal IKTNH\\_mars 2014.docx](#) 252,99 kB

# **Acos - Websak Fokus - dokumentasjon saksbehandlingsrutinar**

[WebSak\\_Fokus\\_saksbehandlingsrutiner\\_mal IKTNH\\_mars 2014.docx](#) 951,67 kB

# Internt utlån av arkivsaker

Utlån av saksdokument skal alltid skje gjennom arkivtenesta etter følgjande prosedyre:

- Berre arkivpersonale har tilgang til arkivet.
- Utlån av saksmapper skal kun skje internt i kommunen
- Utlån skal registrerast i postjournalen/journalsystemet. Ved utlån av saker som ikkje er i den elektroniske journalen, skal det fyllast ut utlånskort som skal plasserast i hylla/boksen der saka er arkivert.
- Arkivtenesta skal sikre at lånar har tilgang til saksdokumenta i tilfelle desse er graderte
- Når utlånt materiale blir returnert, skal arkivtenesta avskrive utlånet.
- Utlånt materiale er lånaren sitt ansvar til utlånet er avskrive. Lånaren skal sjå til at ingen dokument blir fjerna eller lagt til i ei mappe, og at orden i mappa ikkje blir øydelagd.
- Utlånte mapper skal ikkje takast med utanfor Rådhuset.

# Arkivrutiner for felles barnevern for Lindås, Meland og Radøy

## Bakgrunn

Lindås kommune har fått prosjektmidler frå Fylkesmannen i Hordaland til å greie ut felles barnevernkontor med kommunane Meland og Radøy. I samband med planlegging om bruk av midlane vart utgreiing av felles barnevernkontor sett i samanheng med kommunesamanslåinga og er ein del av program for bygginga av Alver kommune. Arbeidet er prosjektorganisert og prosjektleiar er tilsett som barnevernleiar for felles barnevern og seinare barneverntenesta i Alver kommune. Samarbeidet vert organisert som administrativt vertskommunesamarbeid etter kommunelova §28-1 b, med Radøy kommune som vertskommune.

Det er planlagt at dagens tre barnevernstenester vert samlokalisert frå 01.12.2018 i Geco-bygget i Knarvik. Oppstart av vertskommunesamarbeidet vert 01.01.2019 og frå 01.01.2020 vert dette barnevernstenesta i Alver kommune.

Samarbeidsavtalen som ligg føre regulerer forholda mellom samarbeidskommunane i året der Radøy kommune er vertskommune.

# Organisasjonskart

[Organisasjonskart Alver barneverntjenesten. Juni2018 \(L\)\(188694\).pdf](#) 318,79 kB

# Ansvar og rutiner

- [Subdelegering kommunalsjef til tenesteleiar pr. 01.01.2019.docx](#) 37,52 kB
- [Rutiner kontorfaglig - Alver barnevern.pdf](#) 761,50 kB
- [Postrutine\\_Alver barnevern.docx](#) 14,63 kB
- [Rutiner mottak - og undersøkelse.2018.docx](#) 26,52 kB
- [Rutiner tiltak. 2018.docx](#) 31,29 kB
- [Rutiner fosterhjem.2018.docx](#) 27,29 kB
- [Rutiner fosterhjem frivillig plasseringer. 2018.docx](#) 32,81 kB
- [Skjema arkiv ansvar rutiner og rettigheter - Alver barnevernteneste.pdf](#) 389,06 kB

# Internkontroll

# Internkontroll Lindås, Meland og Radøy barnevernteneste

- [Internkontroll for Lindås, Meland og Radøy barnevernteneste. 2018..docx](#) 62,29 kB

# Arkivsystem

- Acos barnevern ver 6.7.5880 - fullelektronisk frå 01.01.2019

# Elektronisk arkivering

# Retningsliner for elektronisk behandling av arkivdokument

Retningsliner for elektronisk behandling av arkivdokument i sak-/arkivsystem og fagsystem, punktvis etter mønster i forskrift om utfyllende tekniske og arkivfaglege bestemmelsar m.v

# Drift og forvaltning

# Retningslinjer for elektronisk behandling av arkivdokument - Sak-/arkivsystem - Acos Websak

- [Retn liner el behandl av arkivdok - Radøy Sak\\_arkiv - Acos Websak.pdf](#) 114,23 kB

# Fullelektronisk sakshandsaming og arkiv - ansvar og rutinar

- [FULLELEKTRONISK SAKSHANDSAMING OG ARKIV - revidert 071118.pdf](#) 347,96 kB

# Helse og omsorg

# Retningslinjer for elektronisk behandling av arkivdokument - Heimetenesta

- [Retn liner el behandl av arkivdok - Radøy heimeteneste - Acos CosDoc.pdf](#) 102,78 kB

# Retningslinjer for elektronisk behandling av arkivdokument - NAV

- [Retn liner el behandl av arkivdok - Nav Radøy - Acos sosial.pdf](#) 85,41 kB

# Retningslinjer for elektronisk behandling av arkivdokument - Omsut

- [Retn liner el behandl av arkivdok - Radøy kommune - Omsut - Acos CosDoc.pdf](#) 103,84 kB

# Retningslinjer for elektronisk behandling av arkivdokument - Psykisk helse

- [Retn liner el behandl av arkivdok - Radøy kommune - Psykisk helse og rusteneste m.fl - Acos CosDoc.pdf](#) 105,88 kB

# Retningslinjer for elektronisk behandling av arkivdokument - Radøy interkommunale busenter

[Retn liner el behandl av arkivdok - Radøy interkomm busenter - Acos CosDoc.pdf](#) 100,14 kB

# Retningslinjer for elektronisk behandling av arkivdokument - Velferdssenteret

- [Retn liner el behandl av arkivdok - Radøy velferdssenter - Acos CosDoc.pdf](#) 102,79 kB

# Retningslinjer for elektronisk behandling av arkivdokument - Systemansvar - rolle og rutine (Acos CosDoc)

- [Retn liner el behandl av arkivdok - Radøy kommune - Systemansvar Acos CosDoc.pdf](#) 130,92 kB

# Ansvar og rutiner - Barneverntenesta

- [Subdelegering kommunalsjef til tenesteleiar pr. 01.01.2019.docx](#) 37,52 kB
- [Rutiner kontorfaglig.2018.docx](#) 55,66 kB
- [Postrutine\\_Alver barnevern.docx](#) 14,63 kB
- [Rutiner mottak - og undersøkelse.2018.docx](#) 26,52 kB
- [Rutiner tiltak. 2018.docx](#) 31,29 kB
- [Rutiner fosterhjem.2018.docx](#) 27,29 kB
- [Rutiner fosterhjem frivillig plasseringer. 2018.docx](#) 32,81 kB

# Oppvekst

# Retningslinjer for elektronisk behandling av arkivdokument - PPT

- [Retn liner el behandl av arkivdok - Radøy PPT - journalføring - arkiv og roller - VISMA Flyt PPT.pdf](#) 273,89 kB
- [Retn liner el behandl av arkivdok - Radøy PPT - Visma Flyt PPT - skjema.pdf](#) 108,66 kB
- [Retn liner el behandl av arkivdok - Radøy PPT - journalføring - arkiv og roller - Visma PPI.pdf](#) 268,12 kB

# Interkommunale samarbeid

- [Oversyn over interkommunale samarbeid - Radøy kommune.xlsx](#) 13,70 kB

# Fullelektronisk arkiv - oppbygging og bruk av det elektroniske arkivet

[FULLELEKTRONISK ARKIV - OPPBYGING OG BRUK AV DET ELEKTRONISKE ARKIVET \(§3-2\) \(L\)\(75935\\_1\\_P\).docx](#) 40,34 kB

# Skjema for mellombels journalføring

Perm med nødprosedyre og skjema for mellombels journalføring står i arkivet i hylle over arkivskap.

[Radøy kommune Mellombels journalføring.docx](#) 24,49 kB

# Nødprosedyre ved utilgjengeleg system

[NØDPROSEDYRE VED UTILGJENGELEG SYSTEM.docx](#) 23,61 kB

# Ansvar for tildeling og ajourhald av brukarrettar i websak

[FULLELEKTRONISK ARKIV - ANSVAR FOR TILDELING OG AJOURHALD AV BRUKERRETTIGHETER I WEBSAK \(L\)\(75934\\_1\\_P\).doc](#) 42,50 kB

# Rutine for kassasjon av papirdokument

[Rutine for kassasjon av papirdokument.doc](#) 46,00 kB

# Elektroniske system - oversikt

- [Digitale system Radøy kommune \(L\)\(197509\).pdf](#) 689,10 kB

# Periodiske rutinar

# Periodisk kvalitetskontroll

## Reservasjonskontroll

Arkivtenesta skal éin gong i månaden utføre kontroll med saker og journalpostar med status reservert eller konsept som er eldre enn éin månad og som er tomme.

Journalpostar som er oppretta, men ikkje tatt i bruk, skal slettast markerast som feilregistrering og flyttast til "søppelsaken". Før sletting skal arkivtenesta ta kontak med sakshandsamar for å få stadfesta at journalposten kan slettast. Saker som ikkje er tatt i bruk, skal ha status U (utgår).

## Restanselister/restansekontroll

Sentralarkivet skal ein gong i månaden ta ut rapport over saker som ikkje er ferdighandsama/avskrivne. Restanselistene skal leverast til sakshandsamar, og til avdelingsleiar som er ansvarleg for at sakshandsamar eller andre skal avskrive saka. For personar som skal slutta, skal det i god tid takast ut restanseliste. Leiar skal syte for at eventuelle restansar vert avskrivne.

## Utlånskontroll

Sentralarkivet skal skrive ut utlånsliste to gonger årleg for å få oversyn over arkivmateriale som midlertidig er utanfor arkivet. Det skal settast i verk tiltak for å få returnert utlånte arkivsaker.

# Kassasjonshandsaming

Riksarkivaren vedtok i 2014 forskrift om bevaring og kassasjon av fylkeskommunalt arkiv skapt etter 1950. For arkivmateriale som er skapt før 1. februar 2014 kan kommuner og fylkeskommuner søke Riksarkivaren om å få bruke regelverket for arkivavgrensing og kassasjon som gjaldt før den nye forskriften vart iverksatt.

Med *kassasjon* er meint at arkivmateriale som har vore gjenstand for saksbehandling eller hatt verdi som dokumentasjon, vert teke ut av arkivet og sletta eller destruert.

Det er berre Riksarkivaren som kan fatta vedtak om kassasjon. For kommunalt arkivmateriale, gjeld Retningslinjer for arkivbegrensning og kassasjon i kommunale arkiv del II punkt 5, opprinnelig fastsatt av Riksarkivaren 4. juni 1987. Desse er gjort gjeldane frå 1. januar 1999 med heimel i arkivforskriften § 3-21 tredje ledd. For skattesaker har IKA Rogaland utarbeida reglar for kassasjon. Desse er godkjende av Skattedirektoratet og Riksarkivaren.

Kassasjonsreglar skal tolkast slik at løyve til kassasjon er relativt, medan krav om bevaring er absolutt. Påboda om bevaring er omtalte i Forskrift om offentlege arkiv. Kassasjonsreglane inneheld ikkje noko krav om kassasjon, men er ei generell rettleiing som seier kva slags sakstypar som kan kasserast. Arkivtenesta må gjere ei kassasjonsvurdering av desse sakene for å sjå om dei inneheld bevaringsverdig dokumentasjon.

Generelle vilkår for gjennomføring av kassasjon:

- Alt kassert materiale bør destruerast anten ved som makulering, brenning eller oppmaling. Materiale som er unntatt offentlegheit eller gradert, skal destruerast på forsvarleg måte slik at opplysningar ikkje kan koma uvedkomande i hende.
- Kassasjon i saksarkiv skal førebuast i samband med bortsetjinga av ein arkivperiode. Ved overføring til bortsetjingsarkiv skal arkivtenesta skilje ut saker som kan kasserast og pakke desse i eigne arkivboksar merka med "KASS" og kassasjonsårstal. Kassasjon i saksarkiv skal gjennomførast på saksnivå, slik at saksmappene anten blir bevart eller kassert i sin heilskap.
- Kassasjon i spesialarkiv kan gjennomførast kontinuerleg, slik at uaktuelle saksdokument blir fjerna frå mappene. Kassasjon i spesialarkiv kan evt. gjennomførast på dokumentnivå.
- Kassasjonen skal vera dokumentert. På denne måten unngår ein at det blir skapt tvil om materiale har blitt borte av andre årsaker. Arkivtenesta skal difor utarbeide kassasjonsrapport. Denne skal innehalde heimel for kassasjon, kva som er kassert (summarisk liste eller utskrift av kassasjonsliste frå sak-/arkivsystem) og tidspunkt for kassasjon.

# Bevarings- og kassasjonsplan for Radøy kommune

[Bevarings og kassasjonsplan - Versjon 1.2.docx](#) 3,26 MB

# Bevaring og kassasjon hjå kommuner og fylkeskommuner

[Sjå Arkivverket sine sider om bevaring og kassasjon hjå kommuner og fylkeskommuner](#)

# **Forskrift om utfyllende tekniske og arkivfaglige bestemmelser om behandling av offentlige arkiver (riksarkivarens forskrift)**

[Forskrift om utfyllende tekniske og arkivfaglige bestemmelser om behandling av offentlige arkiver \(riksarkivarens forskrift\)](#)

# Backuprutine - Iktnh

- [Rutine - Backup 2.0 - 06.12.2018.docx](#) 18,45 kB

# Rutinar for eksterne konsulentar

Når kommunen nyttar eksterne konsulentfirma ved tilsetjingar, skal krava til dokumentasjon, journalføring og arkivplikt vera tatt hand om i samsvar med offentleg regelverk. Krava er dei same som om kommunen aleine tok hand om tilsetjingssaka.

Dette medfører at eksterne konsulentfirma har ansvar for at følgjande dokumentasjon ligg føre, og at denne vert send til arkivtenesta i kommunen så snart som råd for journalføring og arkivering i den aktuelle tilsetjingssaka.

- Utlysningstekst/stillingsannonse
- Inngåande søknad med CV
- Melding om mottteken søknad
- Offentleg søkjarliste
- Utvida søkjarliste
- Innkalling til intervju
- Korrespondanse med uttaleinstansar
- Konsulenten sine vurderingar/tilrådingar
- Melding om at ein annan søkjar har fått stillinga
- Tilsetjingsbrev

Kommunen må retta seg etter ein omfattande lovverk og har plikt til:

- Dokumentasjon
- Journalføring
- Offentleggjering/innsyn

## Om dokumentasjonsplikt

Fleire lover (forvaltingslov, offentleglov, arkivlov, særlover) pålegg kommunen å skriftleg dokumentera den kontakta verksemda har med andre instansar, brukarar av tenester og internt i eiga forvaltning. Forvaltingslova gjev til døme fleire reglar om sakshandsaming i offentleg sektor, mellom anna eit prinsipp om at sakshandsaminga skal vera skriftleg dokumentert. At sakshandsaminga som hovuregel skal vera skriftleg, går fram av blant anna §11 d: "Blir det ved muntlige forhandlinger, konferanser eller telefonsamtaler gitt opplysninger eller anførsler som har betydning for avgjørelse av saken, skal de så vidt mulig nedtegnes eller protokolleres." Paragrafen føreset at innhenta opplysningar i en sak skal vera i skriftleg form, og dersom det er i annen form, skal det utarbeidast eit notat. I tillegg krev §§ 23 og 24 at alle vedtak skal vera skriftlege og grunngjevne. Tilsetjingssaker er ikkje unntekne generelle krav til pålagt dokumentasjonsplikt.

## Om journalføringsplikt

Offentlighetslova stiller fleire krav til dokumentasjonshandtering, og etter § 2 pliktar kommunen å føra journal etter føresegnene i Arkivlova-/forskrifta. Journalføringsplikta omfattar alle inn- og utgåande dokument (all korrespondanse: brevpost, telefaks, e-post) som vert sakshandsama eller som har dokumentasjonsverdi for kommunen. I tillegg skal interne dokument utarbeida for eiga saksførebuing og saksdokument for kommunale organ, journalførast. Dokument i tilsetjingssaker kjem inn under journalføringsplikta. At verksemda brukar eksterne konsulentar ved tilsetjingar, betyr ikkje at kommunen slepp unna plikta til å journalføra dokumentasjon i slike saker.

## **Om offentliggjøring/innsyn**

Offentlegprinsippet er nedfelt i ei rekkje lover (grunnlova, kommunelova, offentliglova m.m.). Journalen gjer at ålmenta kan ivareta høvet til innsyn og partskrav i eiga sak etter forvaltningslova.

## **Om arkivplikt**

Kommunen er pålagt å ha arkiv som inneheldt dei arkivverdige dokumenta kommunen mottar eller skaper i samband med ei verksemd, jf.arkivlova§ 2. Arkivplikta gjeld alle dokuement som vert til som ledd i verksemda uavhengig av kva for medium informasjonen er på (gjeld også e-post som vert handsama og som har dokumentasjonsverdi).

(Teksten ovanfor er henta frå Stavanger kommune. Det er gjort nokre få tilpassingar, og omsetjing til nynorsk.)

# Spesialrutinar

# Brann

[Sjå Arkivverket sine sider om restverdiregning av skadet materiale.](#)

# Flaum- og vasskadar

[Sjå Arkiverket sine sider restverdiredding av skada materiale.](#)

## **Ved mindre fuktskadar**

Ved mindre fuktskadar held det å lufttørke arkivmaterialet. Protokoller bør opnast og setjast på høgkant, eller leggst med trekkpapir mellom sidene. Dokument bør takast ut av arkivboksane og leggst utover i mindre bunkar. Fjern plast og binders, dersom dette ikkje alt er gjort. Ein kan gjerne bruke kondensfjernar og kaldluftvifter, men ein bør unngå varme. Dette aukar nedbrytningshastigheita i papiret og kan gje grobotn for sopp.

## **Ved store vasskadar**

Ved større vasskadar skal arkivmateriale leggst i tette plastposar/sekkar og frysast ned så fort som mogleg for å stanse blekkutflyting, soppvekst, og annan nedbrytning av papiret. Send arkivmaterialet i nedfrosen tilstand til eit spesialfirma som kan frysetørke arkivsakene

# Soppskadar

[Sjå Arkivverket sine sider om restverdiregning av skada materiale.](#)

Arkivmateriale vert utsett for sopp når det vert oppbevart i fuktig miljø. Høg temperatur aukar tempoet i sopp utviklinga. Dersom ein oppdagar arkivmateriale med sopp, så må ein straks flytte materialet til ein tørr stad. Flytt ikkje arkivmateriale angrepet av sopp, saman med materiale som er utan sopp.

Soppangrep på papir kan ha gje seg utslag i fleire fargar. Det kan vere brunt, svart, rosa/lilla, ferskenfarga m.m.

Sopp skal fjernast fysisk, med støvsugar. Ein må bruke sentralstøvsugar eller støvsugar med hepa-filter, slik at sopp spora ikkje berre går gjennom støvsugaren og ut i lufta igjen. Aller helst bør støvsuginga gå føre seg ute eller i rom med avtrekk. Sopp kan vere helsefarleg (kan m.a føre til luftveisplager og hovudmerter), så det er viktig å vere føre var dersom ein har arkivmateriale som er angrepet av sopp.

Er det små sopp skadar, kan ein bruke ein tørr klut å tørke det vekk med.

# Historisk

# Offentleg journal (postlister) - Utgått

## 03.02.2014

Postlistene skal publiserast på nettsidene kvar tysdag og fredag. Tysdag kjem postlistene frå torsdag-søndag veka før ut, og fredagar kjem postlista frå måndag-onsdag same veke.

1. To personar skal kontrollere postlista, og desse skal ha fått opplæring i dette.
2. Dei som les, rettar dei feilane dei finn, og markerer rettingane også på utskrifta. Dei som har ført posten skal få utskrifta med rettingane til gjennomlesing. Utskrifta skal deretter makulerast.
3. Ein må sjekka at møte som finn stad næraste veke er sett til I, og at tidlegare møte der møteboka er sett til V eller F. I tillegg må alle saksframlegg til kvart møte vera sett til F.

Postlister for arkivdelane PA (personalmapper), EA (elevmapper) og BHB (barnemapper) vert ikkje publiserte på nett.

Dersom det vert bede om innsyn i eit dokument som er påført tilgangskode og gradert, er det Rådmannen, eller den som har fått fullmakt til det, som avgjer om vedkomande skal få tilgang til saka/dokumentet.

Postlistene vert fjerna frå nettsidene etter seks månader i samsvar med tilråding frå Datatilsynet.

Dersom nokon bed om utskrift av postlistene før dei er publiserte på nett, skal ein gjennomføra same kontroll som ved utlegging på nettsidene.

# Journalføring av møtebøker

Originale møtebøker frå alle utval i Radøy kommune skal leverast til sentralarkivet for arkivering. Dette gjeld:

- Kommunestyret
- Formannskapet
- Hovudutval for plan, landbruk og teknisk
- Delegerte saker frå plan, landbruk og teknisk
- Klagenemnda
- Byggjenemnda
- Skatteutvalet
- Klagenemnd for eigedomsskatt
- Eldrerådet
- Råd for menneske med nedsett funksjonsevne
- Ungdomsrådet
- Kontrollutvalet
- Arbeidsmiljøutvalet
- Administrasjonsutvalet
- Underutval for vilt og innlandsfiske

## **Hugs å sjekke at møteboka er signert.**

Når me mottok ei møtebok for arkivering, skal denne prosedyren følgjast:

1. Originalen skal arkiverast i plastmapper i eigen perm i arkivrommet bak kultur- og sørvistorget.
2. Journalfør møteboka.
3. Journalfør alle saksframlegg til møte, ta utskrift til saksmappa.
4. Møtebøkene skal bindast inn årleg.
5. Innkallingar med saksdokument skal etter kvart møte arkiverast i perm, og pakkast i boksar ved slutten av kvart år.

# Registeringsreglar

Det er utarbeidd ein del registreringsreglar for registrering i sak- og arkivsystemet. Det vil verta utarbeidd registreringsreglar også for dei andre saksfelta.

# Tilsetjingssaker

1. Personalrådgjevar opprettar tilsetjingssak med utlysingstekst som første journalpost i i WebSak. Saka skal ikkje vera gradert.
2. Arkivtenesta opprettar fysisk mappe, fyller ut klassering, kontrollerer at registreringsreglane er følgde og set status på saka til B.
3. Registrering av dokument i saka skal skje etter gjeldande registreringsreglar.
4. Dersom mappa inneheld søkjarliste og protokoll frå tilsetjinga, kan søknaden med vedlegg flyttast til personalmappa saman med stadfesta tilsetjingsbrev og arbeidsavtale. Hugs å retta saksnr. på søknaden. Dersom stillinga gjeld undervisningspersonale, skal stadfesta tilsetjingsbrev, arbeidsavtale og evt. søknaden i hylla til rådgjevar for oppvekst. I alle andre tilsetjingssaker, skal dokumenta i hylla til personalrådgjevar.

[utlysing\\_av\\_stillingar.pdf](#) 10,01 kB

# Skular

[Registreringsreglar skular](#)

# Barnehagar

[Registreringsreglar barnehagar](#)

# Andre saker

[registreringsreglar\\_gjeldande.xls](#) 33,50 kB

# Elektronisk arkivering

## Konvertering til arkivformat

Arkivansvarleg konfigurerer sak-/arkivsystemet slik at alle saksdokumenta automatisk vert konvertert til gjeldande arkivformat. Innstillingane skal vera slik at konverteringa til arkivformatet skjer når arkivpersonalet har kontrollert journalposten. Produksjonsformatet vert ikkje sletta, men vert liggande som ein tidlegare versjon av dokumentet.

## Naudprosedyrer ved driftsstans

Dersom systemet er ute av drift i ein kort periode (1-2 dagar) skal journalføringa utsetjast til drifta kjem i gang att. Det vert ikkje fordelt post utanom i spesielle tilfelle. Saksmapper skal då kunne lånast ut til sakshandsamar på førespurnad, og det skal først utlånskort og ei eiga utlånsliste.

Dersom sak- og arkivsystemet er ute av drift over ei lengre periode (meir enn 2 dagar), skal journalføringa gjerast i ein eigen papirbasert journal. Dei innkomne saksmappene med kopi av journalen skal sendast til avdelingane i sine saksmapper for fordeling. Også her skal det først utlånslistar. Både ut- og inngåande brev produsert i denne perioden skal skannast når systemet kjem i drift att.

# Innkomande post - Utgått 03.02.2014

## Postmottak og sortering

Kultur- og sørvistorget opnar og registrerer all innkomande post for avdelingane på rådhuset, før den går til sakshandsaming. Unntaket er personleg adressert post, dvs. brev der personnamnet er nemnd før namnet på organet, post stila til skatteoppkrevjaren og til formannsskapskontoret (ordføraren). Slik post skal leverast uopna til adressaten, dersom det ikkje er gjort avtale om noko anna. Dersom denne posten viser seg å vera eit saksdokument for kommunen, skal det straks leverast attende til Sørvistorget for registrering. Bilag, fakturaer o.l., skal opnast og leggjast i posthylla til økonomikontoret. Skattekort, sjukemeldingar, timelister, søknader om overføring av ferie o.l. skal leggjast i hylla til Løn og personal.

Post som er stila til nokon av dei ytre einingane i kommunen (einingane utanfor Rådhuset), skal ikkje opnast, men leggjast i posthylla til einingane det gjeld. Unntaket er bilag og fakturaer som skal opnast og leggjast i posthylla til økonomikontoret.

Etter at posten til Rådhuset er opna, skal den sorterast, og det skal skiljast mellom sakspost og informasjonspost. Sakspost er dokument som vert gjenstand for sakshandsaming. Slike dokument skal stemplast, journalførast og skannast. Informasjonspost er post som ikkje vert gjenstand for noko form for sakshandsaming, og omfattar alle trykksaker, offentlege publikasjonar, rundskriv og utskrifter/kopiar frå andre organ. Informasjonsposten skal ikkje stemplast, men leverast direkte til kvar avdeling. Unntak er rundskriv frå offentlege organ. Desse skal stemplast og påførast mottakar. Deretter skal førstesida kopierast og setjast i ringperm, før rundskrivet vert lagt i hylla til mottakar. Kopi av førstesida av rundskriv frå departement skal stå samla i éin perm. Rundskriv frå direktorat, fylkesmannen, fylkeskommunen etc. skal setjast i perm for kvar inistitusjon. Dersom informasjonsposten skal inngå i sakshandsaminga, er avdelinga ansvarleg for å returnera den til Kultur- og sørvistorget for journalføring.

Telefaks skal handsamast som vanleg post.

Opning av post skal ikkje føregå på 1. skranke.

### Spesielt om e-post

Den som mottar ein e-post skal straks senda stadfesting om at e-posten er motteken. Stadfestinga skal innehalda saks- og journalpostnummer, eller beskjed om kven som skal svara på førespurnaden. Personleg adressert e-post som vert gjenstand for sakshandsaming skal sakshandsamar sjølv registrera i den elektroniske postjournalen. Dette skal skje så snart som råd, og før ein svarar på e-posten. E-post som inneheld sensitiv informasjon skal sakshandsamar sjølv leggja inn i den elektroniske journalen, og påføra rett gradering. Deretter skal e-posten slettast frå innboksen og frå sletta element i e-postsystemet. Kultur- og sørvistorget tar utskrift av e-posten til saksmapa. . Dei som sender e-post til kommunen, skal få ei stadfesting på at e-posten er motteken. Stadfestinga skal sendast etter at e-posten er journalført i WebSak, og skal innehalda saksnummer, journalpostnummer og namn på sakshandsamar.

Det treng ikkje sendast stadfesting av motteken e-post dersom:

- a) e-posten ikkje skal sakshandsamast
- b) Dersom det er sendt ut automatisk svar med referansenummer f.eks. via elektroniske skjema.

Les også [eForvaltningsforskriften](#)

## Stempling

Saksdokumenta skal stemplast med journalstempel som har rubrikkar for namnet på organet, mottaksdato, emnekode eller objektkode (klassering), saks- og journalpostnummer og sakshandsamar. Stempelet skal helst plasserast øvst til høgre på arket, men kan plasserast andre stader på arket dersom det er meir føremålstenleg.

E-postar kan anten hentast direkte frå e-postprogrammet til den elektroniske journalen, eller skrivast ut og scannast inn på vanleg måte. Dersom teksten i e-posten skal nyttast som hovuddokument i saka, vert dato, saksnummer og journalpostnummer automatisk påført. Dokumenta skal då skrivast ut, men skal ikkje stemplast. Dersom eit vedlegg til e-posten skal vera hovuddokument i saka, vert ikkje opplysningar om dato, saks- og journalpostnummer påført. Dokumenta må då stemplast etter utskrift.

## Journalføring og skanning

Etter at posten og innkomne faksar er sorterte, skal saksdokumenta journalførast og skannast. I tillegg skal arkivverdige e-postar (saksdokument) hentast inn i den elektroniske journalen og førast. Journalføring av alle saksdokument skal skje så snart som råd etter at dei er mottekne, og seinast neste dag.

Det er arkivtenesta si oppgåve å førgja for at:

- at alle mottekne saksdokument vert journalførte og påført stempelopplysningar
- At alle journalførte dokument vert skanna, og at alle sider er komne med
- at det i den elektroniske journalen vert skild mellom hovuddokument og vedlegg
- at skanninga er kvalitetsmessig god nok
- at opplysningane i skanna dokument samsvarar med opplysningar i journalen

Dersom journalpostane er det første i ei sak, skal arkivtenesta opprette ei ny sak. Arkivtenesta fordeler saka til avdeling og saksfordelar.

Arkivtenesta fordeler journalpostar på rett sak, og til sakshandsamar dersom denne er kjend. Dersom sakshandsamar er ukjend, vert dokumentet fordelt til saksfordelar/leiar. Arkivtenesta fører på rett tilgangskode, og ser til at naudsynte journalpostar er graderte. Når alle journalopplysningane er kontrollerte og skanna, skal dokumentstatus for journalposten setjast til J.

## Postfordeling

Etter at dokumentet er skanna, skal det leggjast i hylla til sakshandsamar eller saksfordelar, eller direkte i mappa i arkivet, dersom det er inngått avtale om dette. Det skal markerast i journalen dersom dokumentet eller heile mappa vert lånt ut.

Sakshandsamar eller -fordelar som mottar dokumentet, skal snarast kontrollera at dokumentet er journalført på rett måte. Dette gjeld både dei som får det fysiske dokumentet og dei som berre får dokumentet i innboksen i sak- og arkivsystemet. Sakshandsamar eller -fordelar må mellom anna sjå til at dokumentet er ført på rett sak, at arkivkoden/klasseringa er korrekt, at journalposttittelen er passende, og at rett tilgangskode og gradering er nytta.

Kultur- og sørvistorget må sjå til at sensitiv informasjon vert handsama fortruleg. Dokument til

posthylla skal leggjast med baksida opp. Dokument med sensitiv informasjon som skal ut av huset skal leggjast i lukka og merka konvolutt.

# Utgående post - Utgått 03.02.2014

## **Svara på/oppretta utgåande brev i elektronisk journalsystem**

Brev, e-postar og faksar frå Rådhuset skal sendast som offentlege dokument og innehalda brevhovud, arkivkode og journalnummer og anna som dokumenterer tilknytning til sak. All utgåande sakspost, også e-postar og faxar, skal vera tilgjengeleg i det elektroniske journalsystemet.

Sakshandsamar skal sjølv journalføra eigne utgåande brev, interne notat og utgreiingar i den elektroniske journalen. Sakshandsamar skal såleis:

- føra på dokumenttype
- gje dokumentet ein tittel som konsist skildrar innhaldet i brevet
- føra på alle mottakarar og kopimottakarar
- vurdera om dokumentet skal vera unntatt offentlegheit og påføre korrekt lovheimel og tilgangskode for dette vedtaket. Dersom ein er usikker på offentlegvurdering, skal ein ta kontakt med avdelingsleiar
- Knytta til eventuelle vedlegg
- inntil dokumentet er klart for utskriving og ekspedering skal journalposten ha status R. Når brevet er ferdigstilt og klar til å sendast, skal status setjast til F.

Når brevet er ferdig, skal det underteiknast og postleggjast. Sakshandsamar skal ta to kopiar av utgåande skriv (også e-postar og faksar) - eitt til arkiv/mappa og eitt til kopibok (slik at kopiane har underskrift). Alle vedlegg som vert sende ut, skal leggjast saman med brevet i mappa. Vedlegg skal ikkje leggjast i kopiboka. Dersom eit brev har fleire mottakarar, skal ein ikkje leggja fleire eksemplar av brevet i mappa og i kopiboka. I staden skal det skrivast ut mottakarliste som skal vera bak på brevet.

Sakshandsamar skal sørge for at alle journalpostar som han/ho er ansvarleg for, vert avskrivne på korrekt måte innan dei fristane som lovverket gjev.

## **Utgående e-post**

Brev som skal sendast som e-post, skal opprettast på vanleg måte i den elektroniske journalen. Når brevet er ferdig og klart til å sendast, skal knappen for e-postsending i den elektroniske journalen nyttast. Brevet vert då lagt som vedlegg til e-posten. Dokument som er unntatt offentlig innsyn, skal ikkje sendast som e-post.

## **Interne dokument og notat mellom ulike einingar**

For korrespondanse mellom avdelingar/seksjonar som er knytt til systemet nyttar ein dokumenttypene X og N. Det skal leggjast éin kopi til arkivet/mappa, men ikkje til kopiboka/brevkopi.

Er den eine avdelinga/seksjonen ikkje knytt opp mot systemet, nyttar ein dokumenttypene U og I som for ekstern korrespondanse. Sakshandsamar skriv sjølv ut notatet, underteiknar og sender det til postlegging. Det skal takast to kopiar - éin til arkiv og éin til kopibok.

## **Arkivet sin kontroll med utgåande brev**

Arkivet skal kvar dag gå gjennom alle brevkopiar og kontrollera at sakshandsamar har journalført det utgåande brevet på korrekt måte når det gjeld journalposttittel, mottakarar, gradering og avskrivning. Alle brev som arkivet finn i orden, skal setjast til journalstatus J og leggjast til kopiboka. Journalføringar som ikkje vert godkjende skal rettast av arkivet eller av sakshandsamar.

Arkivet bør kvar dag søkja opp postar med journalstaus F, og etterlysa brevkopiar for desse.

# Kvalitetssikring av journalen - Utgått

## 03.02.2014

Arkivtenesta skal dagleg gå gjennom lista med journalpostar med status M, F og S, og saker med status R.

### **Journalpostar med status M**

Arkivtenesta skal sjå til at alle saksdokument er journalførte og knytte til rett sak i sak-/arkivsystemet, og at dei same dokumenta finst i det fysiske arkivet. Kvar dag etter at alle saksdokument er skanna, skal arkivtenesta kontrollera at alle saksdokumenta er skanna. Dette skal gjerast ved å søkja fram alle inngåande dokument med status M.

### **Journalpostar med status S**

Arkivtenesta skal dagleg gå gjennom lista over journalpostar med status S. Ein skal kontrollera journalposttittel, gradering og avsendar/mottakar. Journalposten skal deretter skrivast ut og setjast til J.

### **Journalpostar med status F**

Arkivtenesta skal dagleg kontrollera brevkopiane mot journalposten i WebSak. Følgjande punkt skal kontrollerast før journalpoststatusen skal setjast til J.

- at journalposten er knytt til rett sak
- at tittelen på journalposten er dekkande og utan skrivefeil
- at eventuelle vedlegg er lagt til journalposten
- at offentlegvurdering er gjennomført, og naudsynt skjerming av avsendar/mottakar, arkivkodar, saksnummer, tittel og saksinnhald er gjort
- at evt. avskriving er korrekt

Journalposten skal deretter setjast til J og brevkopien skal setjast i eigne permar.

Er det journalpostar med status F som manglar brevkopi, skal ein gje beskjed til sakshandsamar.

### **Saker med status R**

Arkivtenesta skal dagleg gå gjennom saker med status R. Sakene skal setjast til status B, og det skal opprettast fysisk mappe (gjeld ikkje arkivdel PA) når følgjande er kontrollert:

- sakstittel
- arkivdel og klassering

# Saksavslutning - Utgått 03.02.2014

Når ei sak er ferdig handsama, skal saksdokumenta/saksmappa sendast til arkivet for arkivering.

- Sakshandsamar skal gå gjennom saksmappa og kontrollere at alle restansar er avskrivne og at arkivverdige dokument er lagt i saksmappa. Sakshandsamar er også ansvarleg for at saker som går til arkivet er reinska for arkivverdige materiale. Sakshandsamar skal deretter levera mappa til arkivtenesta, og markera at mappa skal avsluttast ved hjelp av merknadsfunksjonen "Ønskes avsluttet" i WebSak. I dei tilfella mappa ikkje er utlevert, skal ein markera at ei sak er avslutta ved hjelp av same merknadsfunksjon.
- Arkivtenesta registrerer i sak-/arkivsystemet at saka er avslutta, kontrollerer at alle dokument er avskrivne og registrerer eventuelt kassasjonsår for saka. Berre arkivpersonale skal ha tilgang til desse funksjonane i systemet.
- Før arkivlegging skal arkivpersonale kontrollere at sakshandsamar har rydda mappa for konsept, kladdar, dubletter, arbeidsnotat o.l., og at alle saksdokument er på plass. Saka skal deretter markerast som avslutta i den elektroniske journalen.

# Periodedeling og bortsetting

Føremålet med periodedeling er å sørge for naudsynt plass til saksmappene i dagleg arkiv, samt å sikre framfinning ved større endringar i administrativ organisering, arkivorganisering eller ved skifte av journalsystem. Periodisering er difor ei kontrollert og systematisk overføring av uaktuelle saker frå dagleg arkiv til bortsettingsarkiv. Periodeskille føregår vanlegvis på to måtar - skarpt skille eller skille med overgangsperiode. Dette vil variere mellom dei ulike arkiva og kva som er grunnlag for periodedeling.

Arkivtenesta er ansvarleg for å gjennomføre periodedelinga.

## Saksarkiv/Emnearkiv

Ved inngang til ny valperiode (kvart 4. år), skal det nyttast skille med overgangsperiode på 2 år.

I det fysiske arkivet skal følgjande framgangsmåte brukast

- Det skal settast ein dato for skille (D), og opprettast eit nytt tomt saksarkiv med emne klare til bruk
- Alle nye saker som oppstår etter D skal arkiverast i det nye saksarkivet.
- Dersom ei sak oppretta før D får tilført nye dokument, skal saka overførast til det nye saksarkivet
- Når overlappingsperioden er over, skal alle saker oppretta før D som det ikkje har vore aktivitet i avsluttast, pakkast ned og settast vekk. Sjå bortsetting (link). Det skal deretter utarbeidast avleveringsliste over desse sakene.

I journalsystem baserte på Noark 4 standard, skal framgangsmåte for periodedeling frå leverandøren følgjast. Periodeskille i journalsystemet skal gjerast parallellt med det fysiske periodeskiljet

- Rutinar for saksavslutning må vere følgde i perioden
- Når D er sett for det fysiske arkivet, skal den tilsvarande arkivdelen journalsystemet få arkivstatus O (overlapping).
- Det skal samtidig opprettast ein arvtakar med status A (Aktiv). Arkivsystemet vil ikkje opprette nye saker i den arkivdelen som har status O, men automatisk flytte dei til arvtakaren.
- Dei sakene i arkivdelen med status O som får tilført nye dokument i overlappingsperioden er aktive saker og vil automatisk bli overført til arvtakar.
- Når overlappingsperioden er slutt, skal den gamle arkivdelen få status B (bortsett) og klargjerast for depotuttrekk.

I samband med større endringar i journalen (ny arkivnøkkel, nytt journalsystem) eller i arkivorganiseringa skal det settast skarpt skilje i saksarkivet. Framgangsmåten for slike skilje er:

- Dato for periodeskille D skal settast og nytt saksarkiv klargjerast
- Alle dokument skal avskrivast og alle saker avsluttast uavhengig om dei framleis er under handsaming
- Nye saker eller saker som held fram skal opprettast i nytt arkiv med nye saksmapper
- Det skal lagast kryssreferansar mellom gamal og ny saksmappe.
- Gamal saksmappe kan lånast ut og leggjast ved ny saksmappe til saka er endeleg avslutta

I journalsystem basert på Noark 4 standard skal framgangsmåte for periodedeling frå leverandøren

følgjast. Periodekile i journalsystemet skal gjerast parallellt med det fysiske periodekiljet

- Rutinar for saksavslutning må vere følgde i perioden
- Når D er sett for det fysiske arkivet skal den tilsvarande arkivdelen journalsystemet få arkivstatus U (uaktuell)
- Det skal samtidig opprettast ein arvtakar med status A (Aktiv). Arkivsystemet vil ikkje opprette nye saker i den arkivdelen som har status U, men automatisk knytte dei til arvtakaren.
- Den gamle arkivdelen med status U kan klargjerast for depotuttrekk

## Objektarkiv/Spesialarkiv

Objektarkiva skal periodiserast einskildvis etter ei individuell vurdering. Det er viktig å ta omsyn til at sakene i objektarkivet kan vere aktuelle sjølv om dei har vore avslutta i lang tid.

Fysiske objektarkiv skal periodiserast på følgjande møte

- Det aktive arkivet skal speglast i eit bortsetjingsarkiv med tilsvarande objekt
- Avslutta saker eller objekt skal overførast umiddelbart eller årleg
- Når objektarkivet skal avleverast skal bortsetjingsarkivet og det aktive arkivet slåast saman

I journalsystem basert på Koark og Noark 4 standard skal ein la journalperioden gå over fleire fysiske arkivperiodar. Følgjande framgangsmåte skal nyttast

- Rutinar for saksavslutning må vere følgde i perioden
- Det skal lagast referanse i journalen for alle saker som er flytta til bortsetjing

## Bortsetting

Dei avslutta sakene frå siste arkivperiode skal skiljast ut, pakkast i arkivboksar og overførast til bortsetjingsarkiv i samsvar med instruks for periodedeling.

- Ved overføring til bortsetjingsarkiv skal dei enkelte arkivstykk (esker, pakkar, protokollar, etc.) merkast tydeleg med namnet på den eininga som har skapt arkivet, innhald (til vanleg kode og tekst i arkivnøkkelen) og kva tidsrom arkivmaterialet omfattar.
- Arkivavgrensing (som ikkje er gjennomført tidlegare) og kassasjon skal gjennomførast i samsvar med gjeldande føresegner og retningslinjer.
- Ein bør samstundes skilje saker som seinare skal kasserast frå saker som skal bevarast. Kassable saker bør samlast i egne boksar og merkast med arkivskapar innhald og kassasjonsår.
- Det skal lagast ei summarisk liste over det materialet som blir kassert, og ei fullstendig arkivliste over det som skal bevarast. Ved bruk av elektronisk journal kan avleveringslista produserast automatisk frå journalsystemet, men nummerering av arkivstykk må påførast særskilt.

# Skattedokumentasjon - kassasjonsrutiner

## KASSASJONSREGLER FOR KOMMUNAL SKATTEDOKUMENTASJON

Utviklet av Interkommunalt Arkiv i Rogaland på vegne av sine medlemskommuner. Endelig godkjenning fra Skattedirektoratet forelå 28.06.95. Godkjenning fra Riksarkivaren forelå 28.06.95.

[Bilag til skatteregnskapet](#)

[Skatteutvalget](#)

[Arbeidsgiver kontroll](#)

[Innfordring](#)

[Skatteavregning](#)

[Bilag til skatteavregningen](#)

### **BILAG TIL SKATTEREGNSKAPET**

[\(Tilbake\)](#)

<i>Innhold:</i>	<i>Ordn.måte:</i>	<i>Kassasjon:</i>
Bilag, ikke mikrofilmet	Kronologisk	10 år
Halvårsoppgjør m. status, revisjonsrapporter	Kronologisk	Nei (Bevar)
Innlesningslister, daglige og ukentlige	Kronologisk	Etter behov
Kasse kontantbetaling for skatt	Kronologisk	10 år
Kontoutskrift, postgiro	Kronologisk	3 år
Månedsoppgjør, lister	Kronologisk	5 år
Posteringslister	Kronologisk	10 år
Påleggstrekk, betalte, utstedte, oppgjørslister	Alfa./org.nr.	10 år
Restanselister for egne arb.g. og arb.g. avg./skattetrekk	Numerisk	10 år
Restanselister, etterskuddspliktige	L.nr./kronologisk	10 år
Restanselister, forskuddspliktige	L.nr./kronologisk	10 år
Skatteinnfordring, påleggstrekk etc.	Alfa./org.nr.	10 år
Skattemantall, ny oppdatert liste hvert år	Alfabetisk	Etter behov
Skattetrekk overført til/fra andre kommuner RF 1057 (ikke aktive lenger)	Løpenr.	10 år
Tilgang/avgangslister for tekstkort online	Kronologisk	Etter behov
Transaksjonsliste, restskatt/reskontro	Løpenr.	10 år

### **SKATTEUTVALGET**

[\(Tilbake\)](#)

<i>Innhold:</i>	<i>Ordn.måte:</i>	<i>Kassasjon:</i>
Møtebok	Kronologisk	Nei (Bevar)
Skatteytermapper	Alfabetisk	Etter behov

Søknad om ettergivelse av skatt (i skatteytarearkiv) Alfabetisk 10 år  
 Uerholdlige krav/alle skattearter Kronologisk 10 år

## **ARBEIDSGIVERKONTROLL**

[\(Tilbake\)](#)

<i>Innhold:</i>	<i>Ordn.måte:</i>	<i>Kassasjon:</i>
Arbeidsgiver kontroll m. rapporter og følgebrev	Kronologisk	Etter behov
Arbeidsgiveravgift - fastsettelse	Alfabetisk	10 år
Bedriftsregister, inkl. ettersynsrapporter	Numerisk	10 år
Beregningsgrunnlag, arbeidsgiveravgift	Organisasjonsnr.	10 år
Krav om verdsettelse av bolig i arbeidsforhold	Alfa./org.nr.	10 år
Liste over registrerte LTO for arbeidsgivere i kommunen	Organisasjonsnr.	3 år
LTO	Organisasjonsnr.	3 år
LTO - følgeskriv, årsoppgaver	Organisasjonsnr.	10 år
Melding fra arbeidsgiver register/skjema fra trygdekontoret	Alfabetisk	3 år
Skatteattester	Løpenr.	Etter behov
Skattetrekkmidler, bekreftelse fra arbeidsgiver av bankkonti	Organisasjonsnr.	Etter behov
Terminoppgaver/FLT-oppgaver	Alfa./org.nr.	10 år
Vedtak om unntak fra folketrygden, utlendinger	Alfa./org.nr.	10 år

## **INNFORDRING**

[\(Tilbake\)](#)

<i>Innhold:</i>	<i>Ordn.måte:</i>	<i>Kassasjon:</i>
Bistandsbegjøring, utlendinger	L.nr./num.	5 år etter innb.
Firmaskatt, resterende skatt, forhåndsskatt	Organisasjonsnr.	10 år
Forsinkelsesrente - ettergivelse, søknader	Møtedato	10 år
Forsinkelsesrenter, arbeidsgiveravgift, skattetrekk	Numerisk	5 år etter innb.
Forsinkelsesrenter, restskatt/rest forsk.skatt/rtesterende skatt	Num./skatteår	10 år
Forskuddsskatt, transaksjon-, saldo-, rest.-liste	Løpenr.	10 år
Motregning i produksjonstillegg i landbruket	Kron./num.	10 år
